



forum for
natur og friluftsliv
i
Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommunen
Askedalen 2
6863 Leikanger
postmottak@sfj.no

Leikanger 01.10.2015

Planprogram for rullering av fylkesdelplan for arealbruk i Sogn og Fjordane. Høyringsfråsegn frå Naturvernforbundet i S&F, Sogn og Fjordane Turlag og Forum for natur og friluftsliv.

Bakgrunn for rullering av planen er eit avgrensa tema knytt til handelspark og kjøpesentre. Vi ser det som uheldig at ein no rullerer berre ein avgrensa del av fylkesdelplan for arealbruk når heile planen er planlagt å rullera omlag året etter. Den gjeldande planen er av eldre dato i plansamanheng 15 år, frå 2000, og bør difor rullerast samla. Om planen var oppdatert og av nyare dato ville det vore greitt med ein avgrensa rullering for eit tema.

Planprogrammet legg opp til eit kvalitativt godt arbeid innanfor aktuelle tema og det er særst positivt. Det er også nemnt at i «den grad det er føremålstenleg skal planarbeidet og utgreiingane også kunne nyttast inn i ein større revisjon av fylkesdelplanen». Dette er tildels positivt. Det er nemnt på side 3 i planprogrammet at planen er 15 år gamal. Ikkje berre byane og tettstadane har utvikla seg monaleg på denne tida, men også dei fleste andre område dekt av ein slikt plan har det. Difor meiner vi det hadde vore meir ryddig å rullere heile fylkesdelplanen for arealbruk samla.

Ein avgrensa rullering kan i beste fall gje eit balansert og oppdatert verkty på nokre område og vi håper at det vert ei god og brei prosess som kan nyttast vidare i neste rullering av heile arealdelen.

Ein overordna regional plan bør legge alle omsyn til grunn i avveging av bruk av areala og samstundes følgje opp nasjonale retningslinjer der dette er aktuelt t.d. innan jordvern, natur, miljø og friluftsliv som vi er spesielt opptekne av. Når det gjeld friluftsliv er dette eit tema som må påreknast tid og vi oppmodar fylkeskommunen til å søkje på aktuelle midlar hjå Miljødirektorat til arbeidet etter nasjonal strategi for kartlegging og verdsetting av friluftsområder:

▪ *Målformuleringen i strategien er:*

– *Regjeringen vil videreutvikle kunnskapsgrunnlaget i arealforvaltningen og i det generelle friluftslivsarbeidet gjennom å stimulere til kartlegging og verdsetting av friluftslivsområdene i alle landets kommuner, med målsetning om at flest mulig av landets kommuner har kartlagt og verdsatt sine viktigste friluftsområder innen 2018.*

▪ *Oppdrag fra Klima og Miljødepartementet om å utarbeide et forslag til flerårig prosjekt.*

Prosjektplanen bygger på;

– *Kommunen som «gjennomfører»*

– *Fylkeskommunen som «pådriver»*

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane

–Miljødirektoratet som «tilrettelegger»

▪Ressurser i Miljødirektoratet

–Personell

–Budsjett

–Bevilgning 2015 – NOK 5 mill. + NOK 0,7 mill.

Sjå vedlegg: Kartlegging – Nils Yngve Berg - Mdir – seminar 2015 hjå Mdir for FM, FK, FNF m.fl. Nasjonale mål er her å få kartlagd og verdsett område for friluftsliv innan 2018 (vedlegg 1 Mdir). Vi håpar at fylkeskommunen vil bidra til at Sogn og Fjordane vert med her frå og med 2016.

Nasjonale mål for ivaretaking av matjord og jordbruksareal har vore klar. I eit brattlendt fylke med samla stort press på flatare areal, kjem jordvernet ofte under press. Dette er eit særskilt viktig tema inn i denne planen og vi ber om at jordvernet vert sett høgt i prosessen.

[https://www4.slf.dep.no/no/miljo-og-okologisk/areal-og-jordvern/jordvern?newscount=17#nasjonale-maal-for-jordvern:](https://www4.slf.dep.no/no/miljo-og-okologisk/areal-og-jordvern/jordvern?newscount=17#nasjonale-maal-for-jordvern)

Regjeringen ønsker ein styrka og samla strategi for å ta vare på viktige kulturlandskap og å verne om dyrka og dyrkbar jord. Målet er:

- å halvere årlig omdisponering av verdifulle jordbruksareal innan 2010
- sette i verk kartlegging og forvaltning av de mest verdifulle kulturlandskap innan 2010

Over 1 million dekar dyrka og dyrkbar jord er omdisponert i Norge dei siste 50 åra. Berre dei siste åra er ca 20 000 dekar årleg omdisponert til andre føremål enn landbruk. Fortsett denne utviklinga vil nesten halvparten av våre mest verdifulle areal for matproduksjon vere borte om 50 år.

De dyrka areala er under press både i form av nedbygging, og ved at de gror igjen. Nedbygging av landbruksareal er særleg et problem rundt dei største byene, der også mykje av den beste landbruksjorda ligg. Vi har ikkje arealreserver i Norge som gjør at det kan dyrkast opp areal av tilsvarande kvalitet som de areala som byggast ned rundt dei største byene og tettstadene.

Vern om jorda og kulturlandskapet er kommunane sitt ansvar innanfor nasjonale mål. Matjorda er ein avgrensa ressurs i Norge. Bare 3% av areala våre er dyrka jord. Regjeringa ber om strengare praksis i kommunane når det gjelder jordvern og reduksjon i omdisponering av dyrka og dyrkbar jord. Statens landbruksforvaltning (SLF) vil få høve til å fremme innsigelse mot kommunale arealplaner etter Plan- og bygningsloven i saker der fylkesmannen (FM) har innstilt på bruk av innsigelse og fylkeslandbruksstyret ikkje følgjer opp.

Tre prioriterte utfordringar

- Arealmangel
- Arealbrukskonfliktar
- Infrastruktur vegsamband

Det er klart ein utfordring å lage eit godt planverkty som ein ønskjer skal nyttast vidare i planlegginga, der omsyn til nasjonale politiske retningslinjer vert lagt inn, medan regionale og lokale politiske miljø i mindre grad vel å følgje opp dei same.

2. Føremålet med planarbeidet er tydeleg og måla under 2.1 meiner vi er gode:

Målet med endringa av kapittel 3.2.4 «Etablering av kjøpesenter» er å:

- Bidra til at kjøpesenter i Sogn og Fjordane vert lokalisert på rett stad i høve befolkning og infrastruktur.

- Sjå regional handelsstruktur i samanheng slik at regionalpolitiske avgjerder er med på å styrke eksisterande by- og tettstadsenter og samstundes unngå utarming av mindre tettstader og bygder.
- Effektivisere arealbruk slik at inngrep i landbruks-, natur- og friluftsområder blir redusert og nasjonale og regionale mål om jordvern og bevaring av biologisk mangfald vert følgt opp.
- Legge til rette for miljøvennlige transportvalg, ved å unngå unødig spreining av byen og å redusere bilavhengighet. **Det er særskilt viktig at dette ligg i botn i overordna planverket og vidare legg til rette for å følgje opp nasjonale mål innan klima, kollektivtransport m.m som nemnt i punkt 2.3 nasjonale mål.**

2.3 Nasjonale mål, positivt og viktig at dei vert tekne inn i planen, tilpassa forhold i fylket.

2.4 Kunnskapsgrunnlag

Oppdatert oversikt over dagens befolkningsstruktur og -utvikling, kjøpekraftsutvikling, dekningsgrad og detaljhandelsomsetning skal utarbeidast som grunnlag for utarbeiding av ny plan.

Kunnskapsgrunnlaget må seie noko om konsekvensar av ulike strategiar og val ved lokalisering av kjøpesenter og handel.

Vi oppmoder om at planarbeidet samlar empirisk kunnskap som visast i planen om:

1. Kva er i hovudsak konsekvensane for sentrum i ein by eller tettstad når det kjem eit kjøpesenter utanfor?
2. Korleis har den faktiske trafikkutviklinga vore når ein stor del av handelen vert trekt ut av sentrum?
3. Kva er den aktuelle populariteten til store varehus i andre land?

Innleiingsvis til punktet står det kun omtala tilpassa dagens struktur- og utvikling for ulike tema. Vi oppmoder om at ein også legg inn kunnskap om komande trender og utvikling framover i tid for desse områda; befolkningsstruktur og -utvikling samt kjøpekraftsutvikling. Demografiske trender og/eller svekka kjøpekraft har endra populariteten til kjøpesentra i USA og i land i Europa vi kan samanlikne oss med (Detroit USA, Tyskland). Dette vil vere relevant kunnskap å trekke inn i eit planverket for tema handels- og kjøpesentra.

Faktisk og brei kunnskap innan tema er særskilt gode verktøy i høve å vurdere smalare analyser kring tema.

3. Råmer for planarbeidet

3.1.2 Vi ser det som positivt og håpet at det også vert lagt på: Det langsiktige målet om å oppnå ein meir berekraftig by- og tettstadutvikling og avgrense klimagassutslippa. Her er det engelske ordet sustainable dekkande, varig over tid!

3.2.2 Regional plan for verdiskaping

Vi har stor forståing for ein vidare ambisjon om arbeidsplassvekst og håpar denne også vert knytt til å bevare arbeidsplassar knytt til matjord og jordvern generelt.

4.1 Vurdering av omfang

Som nemnt innleiingsvis ser vi at planprogrammet legg opp viktige utgreiingstema og vi meiner dette arbeidet bør vere av eit slikt omfang og kvalitet at det kan nyttast i vidare planarbeid. Det vil og gjere denne rulleringa gjeldande lenger fram i tid.

5.1 Regional handelsanalyse

Vi støttar fullt ut og meiner det er viktig å tufte utarbeiding av planen på fakta. Vi støttar og erfaringa med at bestilte analyser ikkje alltid tek og dekkjer alle sider av saka, med tanke for behov og konsekvensar. Det er viktig at desse tema også vert tekne med inn i utarbeidinga av ny plan (jmf 2.4).

5.2 Utgreiingstema

5.2.1 Arealbruk og andre arealinteresser

Definisjon av tema er bra, men vi ønskjer at tema friluftsliv og folkehelse vert trekt inn her (jmf pkt 5.2.5). Grunngevinga er at både nærfriluftsliv og turstiar for friluftsliv gjerne skal kunna starte sentrumsnært og/eller bustadnært i høve regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Då må viktige nærfriluftsområde, grønncorridorar for dagleg aktiv transport og stiar som fører til andre friluftsområde ut i frå sentrumsområde vere kjende for å kunne takast inn i planarbeidet.

Her kjem ein gjerne til kort ved berre å bruke eksisterande materiale slik at ein brei og god prosess for medverknad vert naudsynt i tillegg for å hente inn nyare og oppdatert informasjon. Dette heng også i lag med punkt 5.2.5 Friluftsliv, folkehelse, tilgjenge, gang- og sykkelnett og barn og unges vilkår, eit punkt som også må knytast opp med arealbruk og som difor må sjåast i samanheng.

Vi støtter elles definisjonane under dei her ikkje nemnde punkta og meiner dei også er viktige å utgreie i ein avgrensa rullering.

Arealbruk knytt til plasskrevjande varer.

Når det gjeld større varegrupper enn detalj bør ein leggje inn alternativ med teneste for utkøyring av varer frå lager til kunde som eit alternativ til enkeltvis personbilkøyring. Dette vil vera ein meir framtidretta og mindre arealkrevjande løysing.

6. Planarbeid og medverknad

Det har truleg sneke seg inn nokre mindre talfeil under aktivitetar der 2014/2015 gjerne skal fram eit år, elles er vi seint ute med høyringsfråsegna vår.

Vi ønsker lykke til med vidare arbeid og vil gjerne bidra vidare i prosessen!

Når det gjeld rullering av heile arealdelen har vi trekt fram nokre viktige punkt som vi ynsker vert vidareført i rulleringa av heile fylkesdelplan for arealbruk. Punkta er ikkje uttømmende for det arbeidet. Desse ligg ved uttalen.

Med venleg helsing
Forum for natur og friluftsliv
Elisabeth Dahle
koordinator

Naturvernforbundet
Erik Solheim, rådgjevar



Sogn og Fjordane Turlag
Ron Overdevest, leiar naturvernutvalet

Sogn og Fjordane Turlag



Fylkesdelplanen frå 2000 har nokre punkt som vi ønskjer vert følgd opp i vidare arbeid med rullering av arealdelen:

Retningslinjer i arealdelen frå 2000 som er gode og som vi meiner er viktige å vidareføre:

3 RETNINGSLINER

3.1 OVERORDNA RETNINGSLINER

Dette kapittelet omhandlar prioriterte tema som er vurderte til å vere svært sentrale i den kommunale arealplanlegginga. Dei overordna retningslinene vil òg gjelde for alle arealbrukstema i planen (kapittel 3.2-3).

3.1.1 ESTETIKK I LANDSKAPSFORVALTNINGA

RELEVANTE KART Kulturlandskap Plankart 2: Ressursar og friluftsliv

RETNINGSLINER Ja/Nei Uaktuelt

- a. Nasjonalt og regionalt viktige natur- og kulturlandskap som er kartfesta og omtalte i fylkesdelplanen, skal gjevast særleg merksemd i kommuneplanarbeidet;
- b. Planlagde utbyggingstiltak (bustad, hytter, vegar) eller anna vesentleg endring av arealbruken innafor desse områda skal omtalast spesielt i høve til estetikk og lokal tilpassing.
- c. Statlege og regionale verkemiddel vil bli prioriterte ved forvaltningstiltak innafor desse områda.
- d. Nye utbyggingstiltak bør plasserast og utformast på ein måte som styrkjer kommunen, bygda og tettstaden sitt særpreg.
- e. I områderetta kommunedelplanar for tettstad, bygd og grend bør ein utarbeide ein enkel "miljøplan" (stadanalyse/landskapsanalyse/miljøvurdering) som synleggjer viktige landskapstrekk, kulturmiljø og mykje brukte eller eigna område for ålmenta langs sjø og større vassdrag.

3.1.2 FRILUFTSLIV OG VIKTIGE NATUROMRÅDE

RELEVANTE KART

Friluftsliv

Relevante kart for friluftsliv treng ny oppdatering gjennom ny kartlegging av friluftslivsområder i kommunane! *Fylkeskommunen kan og bør søkja på midlar hjå*

Miljødirektoratet til dette arbeidet, slik at det vert sett i gang og utført i alle kommunane i fylket jamfør Nasjonal strategi.

Naturområde

Villmark

RETNINGSLINER

Generelt

- a. Nasjonalt og regionalt viktige friluftsområde skal visast med eigen skravur i arealdelen i kommuneplanen, som viktig informasjon i høve til ulike interessegrupper.
 - b. I friluftsområde som i dag er prega av få eller ingen menneskelege inngrep, bør ein unngå inngrep.
 - c. Statlege og regionale verkemiddel vil prioritere forvaltningstiltak innanfor desse områda.
 - d. Viktige vassførekomstar nær område der folk bur og oppheld seg dagleg og som er eigna til bading og friluftsliv, skal sikrast ein tilfredsstillande vasskvalitet og vern av tilgrensande areal mot nedbygging og skadelege inngrep. Hyttebygging
 - e. Hyttefelt bør ikkje plasserast i friluftsområde som i dag er utan tekniske inngrep
 - f. Innanfor friluftsområda skal det vere ei restriktiv haldning til dispensasjonar.
- Landbrukstiltak
- g. Det skal takast omsyn til friluftsiinteressene ved planlegging og bygging av nye større landbruksvegar.
 - h. Oversiktsplanar for landbruk må omtale og kartfeste viktige friluftsområde i kommunane. Her omfattar friluftsområde også område av verdi for lokalsamfunnet Havbruk - fiskeoppdrett

- i. Nye oppdrettsanlegg bør etablerast utanfor dei viste friluftsområda. Nye større tiltak
- j. Nye større tiltak, som t.d. massetak og vindkraftanlegg, bør unngåast i avmerkte friluftsområde.

3.1.3 BIOLOGISK MANGFALD

RELEVANTE KART

Naturområde

Kulturlandskap

RETNINGSLINER Ja/Nei Uaktuelt

Unngå inngrep i og omdisponering av;

- a. Naturtypar som er sjeldne, spesielt sårbare eller truga.
- b. Område med viktig biologisk funksjon.
- c. Spesielt artsrike område.
- d. Leveområde for raudlista artar (truga, sårbare og sjeldne artar).
- e. Store, samanhengande område som er tilnærma urørte av tekniske inngrep.
- f. Vassførekomstar og kystområde av særskilt verdi for bevaring av biologisk mangfald skal sikrast mot skadelege utslepp og påverknad.
- g. Her i fylket vil viktige naturtypar m.a. vere våtmarksområde i Sjekkliste jfr. plan og bygningslova §§ 19-6 og 23 nr. 3 Side 2 av13 Fylkesdelplan for arealbruk, retningslinjer, vedteke 18.10.00 Sogn og Fjordane fylkeskommune låglandet (elvedelta, øyrer og område med brakkvatn) flaummark-/sumpskogar, artsrike edellauvskogar, gamalskog, opne ugjødsle beite- og slåtteeenger.
- h. Viktige område for biologisk mangfald bør visast i temakart til kommuneplanen sin arealdel.
- i. Ved utlegging av nye utbyggingsområde skal det takast omsyn til desse kartleggingane.

3.2 LANDDELEN

3.2.1 LNF-OMRÅDE

RELEVANTE KART

Naturområde

Plankart

1: Tettstadar og infrastruktur RETNINGSLINER Ja/Nei Uaktuelt

Jordbruk

- a. Omfang og lokalisering av spreidd bustad- og hyttebygging i LNF-områda skal fastsetjast gjennom arealdelen i kommuneplanen.
- b. Gjennom kommunen sin arealplan skal det vurderast kva stølsområde som framleis skal ha funksjon som landbruksområde, og kva stølar som ikkje skal ha slik funksjon (ABC); verneverdige stølar (A), driftsstølar (B) og fritidsstølar (C).
- c. I arealdelen i kommuneplanen skal det definerast og setjast av høgproduktive jordbruksareal. I slike område skal det ikkje gjevast dispensasjon for arealbruk som er i strid med Sjekkliste jfr. plan og bygningslova §§ 19-6 og 23 nr. 3 Side 4 av13 Fylkesdelplan for arealbruk, retningslinjer, vedteke 18.10.00 Sogn og Fjordane fylkeskommune hovudføremålet. Ei fagleg vurdering av jordbruksareala i kommunen bør skje i samarbeid med fylkesmannen si landbruksavdeling .
- d. LNF-områda skal kartfestast gjennom arealdelen av kommuneplanen. Ved vurdering av bruk/vern av i desse områda, må kommunane også trekke inn problemestillingar kring "attgroing" i LNF-områda og korleis dette best kan løysast innan eigen kommune.

Skogbruk

- e. Nye skogsvegar bør tilpassast landskapet for å unngå skjemmande "sår" i landskapet.

- g. Behovet for nye vegar og vegtettleiken må avpassast etter skogen sin produksjons- og bereevne. På areal med grunnlag for intensivt skogbruk, inneber dette eit relativt tett vegnett (vegtettleik 12-20 m/ha), og på areal med svakare grunnlag for eit aktivt skogbruk ein lågare vegtettleik (5-10 m/ha).
- h. På uproduktiv skogsmark og på den ikkje økonomisk drivverdige delen av skogarealet bør det ikkje planleggjast/byggast nye skogsbilvegar, med mindre dette er avklara gjennom kommuneplan/-delplan.
- i. På areal i "Inngrepsfri sone 1 og 2" skal det gjennomførast ei reell avveging mellom næringsinteressene og miljøinteressene før ei eventuell vegbygging. Etablering av skogsbilvegar bør ikkje bidra til ytterlegare reduksjon av desse områda.
- j. I kommunar med varig verna vassdrag (forvaltningsklasse 3) bør det utarbeidast differensierte planar for forvaltninga av desse vassdraga i samsvar med RPR for verna vassdrag.

3.2.2 GEOLOGI

RELEVANTE KART

Mineralressursar

Skredområde

Sand- og grusførekomstar

RETNINGSLINER Ja/Nei Uaktuelt

Mineralressursar og bergverk

b. Etablering skal ikkje skje der ho vil øydeleggje eller forringe viktige landskap og friluftsområde av regional og nasjonal verdi.

Vasskjelder/nedslagsfelt

- h. Etablering av tiltak i nedslagsfelt og tilsigsområde til drikkevatt skal ikkje skje utan at det vert dokumentert at tiltaket ikkje har skadeverknader på vasskjelda.
- i. Sand- og grusavsetningar med gode grunnvassførekomstar bør ikkje nyttast til masseuttak eller til utbyggingsføremål, med mindre det vert dokumentert at tiltaket/utbygginga ikkje har skadeverknader for grunnvatnet.
- j. Vasskjelder til drikkevatt må sikrast gjennom arealdelen i kommuneplanen.

3.2.3 SENTERSTRUKTUR OG UTBYGGINGSMØNSTER

f. Som hovudregel skal den overordna arealbruken i og ved sentra avgjerast ved revidering av kommuneplanen, ikkje som enkeltvis reguleringsplanar eller dispensasjonssaker.

Dette bør framleis vera ein hovudregel for å ivareta eit reflektert og overordna plansystem.

g. I arbeidet med tettstadutvikling skal kommunane legge til rette for friområde og "grøne korridorar" i sentrum.

Dette bør framleis ligge til grunn som viktig målsetting for folkehelse, aktiv transport, trivsel og for å ivareta og bygge opp tettstadattraktivitet.

j. Som grunnlag for arbeidet med tettstadutvikling bør det gjennomførast ein tettstadanalyse der følgjande moment vert trekte inn; - Friområde i tettstaden og grønne korridorar mellom tettstaden om omkring-liggjande friluft- og naturområde skal takast vare på. - Tettstaden si form og utbyggingsmønster skal tilpassast naturlandskapet. - Samanhengande grøntstruktur skal binde dei utbygde områda og friareala saman med friluft- og utmarksområda omkring med eit nett av tur-, gang- og sykkel- vegar. Eksisterande elvar, bekkar, strandline og våtmark skal bevarast som element i grøntstrukturen. - Sentrum (i.h.t. MD sine kriterium for avgrensing av sentrum) skal utviklast med eit attraktivt miljø og som ein møtestad for handel, næringsliv og kultur.

3.2.4 ETABLERING AV KJØPESENTRA

RELEVANTE KART

Plankart 1: Tettstadar og infrastruktur

Sjekkliste jfr. plan og bygningslova §§ 19-6 og 23 nr. 3 Side 7 av 13 Fylkesdelplan for arealbruk, retningslinjer, vedteke 18.10.00 Sogn og Fjordane fylkeskommune Med utgangspunkt i handsaminga av Stortingsmelding nr 29 (1996-97), vurderte Regjeringa å bruke Plan- og bygningslova som heimel til å legge ned mellombels forbod mot nyetableringar og utvidingar av større kjøpesentra, dersom regionale og lokale myndigheiter ikkje fylgde opp den nasjonale politikken.

Det er peika på trongen for ei sterkare regional samordning og styring av etableringar og utvidingar av større kjøpesentra. Det er innført mellombels etableringsstopp for nye kjøpesentra/utviding av eksisterande over 3000 m². Etableringsstoppen gjeld i 5 år eller inntil det er nedfelt prinsipp og retningslinjer i ein fylkesplan/fylkesdelplan for arealbruk for ein regional lokaliseringsspolitikk og ein regional by- og tettstadsstruktur.

Dette har ført til at det innarbeidd retningslinjer knytt til etablering av kjøpesentra for å få oppheva den mellombelse etableringsstoppen i Sogn og Fjordane.

RETNINGSLINER Ja/Nei Uaktuelt Kjøpesenterstruktur

- a. Det skal ikkje etablerast kjøpesentra utanom sentra og tettstader i Sogn og Fjordane.
- b. I Førde, Florø, Sogndal og på Nordfjordeid er det tilstrekkeleg grunnlag for etablering av "store kjøpesenter"
- c. På Sandane, i Øvre Årdal, Måløy, Stryn og Høyanger er det høve til å etablere kjøpesenter med ein storleik på inntil 10000 m², under føresetnad av at grunnlaget for slik etableringa vert vurdert og funne godt nok.
- d. I Lærdal, Vik, Svelgen, Balestrand, Gaupne, Dale og på Skei og Hermansverk er det høve til etablering av kjøpesenter med ein storleik på inntil 6000 m², under føresetnad av at grunnlaget for slik etablering vert vurdert og funne godt nok.
- e. I alle andre tettstader ser ikkje fylkeskommunen kjøpesenterproblematikken som relevant. Grensa vert difor som fastsett i retningslinjene frå MD - 3000 m².
- f. Senterstrukturen på kommunenivå skal avklarast gjennom kommuneplanen sin overordna måldel. Handels- og tenestetilbod, kriterium for lokalisering
- g. Kommunar med kommunesenter definert som tettstad etter Statistisk Sentralbyrå sin definisjon skal til ei kvar tid ha ei vedteken geografisk avgrensing av sentrum. Avgrensinga skal gjennomførast i samband med revisjon/utarbeiding av kommuneplanen.
- h. Ei kvar nyetablering eller utviding skal vere tilpassa staden sin storleik, funksjon og omland (handels- og pendleomland; bu- og arbeidsområde).
- i. Detaljhandel og tenester med mange kundar/brukarar, som t.d. daglegvarer, kle, sko, offentleg tenesteyting, kulturtilbod, servering og overnatting skal lokalisert i område definert som sentrum av tettstaden eller sentralt i eit grendasenter.
- j. Forretningar som sel "større" varetypar, som t.d. møblar, kvitevarer m.m., skal lokalisert i sentrum.
- k. Areal- og transportkrevjande verksemder, som t.d. forhandlarar av motor-kjøretøy, landbruksmaskinar, byggevarer m.m. bør leggjast i ytterkant av sentrum eller tettstaden. Slike etableringar skal ikkje medføre nedbygging av produktivt landbruksareal.
- l. Ved utbygging i sentrum skal tilgjenge for gåande, syklistar og reisande med kollektivtrafikk leggjast særleg vekt på. Verksemder i utkanten av sentrum skal vere lokaliserte slik at Sjekkliste jfr. plan og bygningslova §§ 19-6 og 23 nr. 3 Side 8 av 13 Fylkesdelplan for arealbruk, retningslinjer, vedteke 18.10.00 Sogn og Fjordane fylkeskommune dei også er tilgjengelege for gåande, syklande og reisande med kollektivtrafikk. Det bør vere god tilkomst frå hovudvegnettet.
- m. Mindre verksemd som nærbutikk, frisør og liknande, som er dimensjonert for å dekke lokale behov, kan etablerast utanfor sentrum, i bustadområde og i grendasenter.

n. Det kan tillatast etablering av særleg areal- og transportkrevjande verksemdar utanfor tettbygde strom og i tilknytning til hovudvegnettet. Slike etableringar skal ha særskild løyve til avkøyrslse frå Statens Vegvesen Sogn og Fjordane.

3.2.5 INFRASTRUKTUR RELEVANTE

KART Samferdsle

RETNINGSLINER

Ved avsetjing av areal til ny infrastruktur skal det takast særskilde omsyn til:

e. Viktige næringsareal (jordbruk, skogbruk).

f. Kulturminne og -landskap.

g. Naturområde og leveområde for truga artar. h. Viktige rekreasjons-/friluftsområde. ...

i. Ved framføring av kraftliner i utbygde område skal jordkabel alltid vurderast

3.3.1 FORVALTING AV 100-METERSBELTET

RELEVANTE KART

Friluftsliv

Relevante kart for friluftsliv treng ny oppdatering gjennom ny kartlegging av friluftslivsområder i kommunane!

Naturområde

GENERELLE RETNINGSLINER Ja/Nei Uaktuelt

Arealbruken i strandsona skal avklarast gjennom kommuneplanen - som skal prioritere arealbruk og ta stilling til;

a. Kva område som skal takast i bruk.

b. Areal til sjøtilknytt verksemd. Ved planlegging i strandsona skal det skal m.a. leggst vekt på følgjande:

c. Unngå utbygging i ubygde/urørte område og på ubygde/urørte øyar og holmar.

d. Unngå bygging i/ved viktige naturområde: elveosar, langgrunne mudderstrender, strandenger, grunne bukter og pollar, sanddyner/sandstrender, rullesteinfjører og rike strandberg. Ingen bygging i:

e. Område verna etter naturvernlova. f. Naturområde av nasjonal/regional interesse (nasjonalparkplan, EDNA, kulturlandskapsregistreringane, ulike verneplanar for våtmark, myr og edellauvskog).

g. Friluftsområde av nasjonal/regional verdi (fylkesdelplan for friluftsliv, FRIDA).

RETNINGSLINER FOR KYSTEN

h. Styra ny aktivitet og tiltak til eksisterande utbygde område(samløkalisering).

i. Gjennom retningsliner (i kommuneplanen) ivareta omsynet til allmenn ferdsel og landskapstilpassing.

RETNINGSLINER FOR FJORDANE

j. Haldninga til eventuell omdisponering i strandsona skal vere streng. Det må vere eit krav om sjøretta verksemd.

k. Det skal gjennomførast vurderingar av alternativ lokalisering før strandsona vert teken i bruk.